



## ÅRSMELDING



Modalen kommune

# 2010





## Innhold

<b>Rådmannen</b>	...	<b>side 2</b>
<b>Økonomi og rekneskap</b>	...	<b>side 4</b>
<b>IKT</b>	...	<b>side 10</b>
<b>Kulturkontoret</b>	...	<b>side 12</b>
<b>Bryggjeslottet</b>	...	<b>side 14</b>
<b>Modalen folkebibliotek</b>	...	<b>side 15</b>
<b>Oppvekst og omsorgsetaten...</b>		<b>side 17</b>
<b>Sosialtenesta</b>	...	<b>side 18</b>
<b>Pleie- og omsorgstenesta</b>	...	<b>side 19</b>
<b>Helsesenteret</b>	...	<b>side 24</b>
<b>Mo skule</b>	...	<b>side 27</b>
<b>Modalen barnehage</b>	...	<b>side 31</b>
<b>Teknisk etat</b>	...	<b>side 33</b>

## Rådmannen

I 2010 markerte Modalen kommune sine 100 år som eigen kommune. Jubileet vart feira med folkefest under Modalsdagane i juni. I høve jubileet vart det både gjeve ut eiga bok og laga film om kommunen. Men også elles i året skjedde det ulike viktige hendingar.

Ved skulestart i august tok elevar og lærarar i bruk dei nye og opprusta lokalitetane ved Mo skule. Ombygginga starta i 2009, og vart slutført hausten 2010. Med dette har kommunen eit moderne og fint læringsmiljø til elevane, og eit flott arbeidsmiljø for personalet i grunnskulen. Samla investeringskostnad utgjer 17,5 millionar kroner.

Ein ny kommunal tomannsbustad stod klar til innflytting i mars. Likeeins vart høgdebassenget for vassforsyninga i Mo-området sett i drift i juni. I september vart den nye infrastrukturen med fiber til alle fastbuande bustader og lokale verksemder teke i bruk. Via fiber har no fastbuande tilbod om internett, telefon og TV. Med eit slikt tilbod til innbyggjarane er Modalen på ny i front når det gjeld infrastruktur for IKT. Ved årsskiftet kunne derfor det gamle radiolinksambandet for internett koplast frå etter 10 års drift.

Jubileumsåret har soleis vore eit ekspansivt år for kommunen. Prosjekta, som vart fullført i 2010, har samla ei investeringsramme på 33 millionar kroner. Alt vesentleg er investeringane finansiert ved bruk av fondsmidlar. Dette har medført at fondsreserven ved utgangen av året var nede på eit svært lågt nivå. For at kommunen skal ha ein berekraftig og økonomisk handlefridom over tid, vil rådmannen derfor rå til ein moderasjon i investeringane dei komande åra.

Årsmeldinga er ei attendemelding til Kommunestyret frå alle einingane som kommunen har ansvaret for. Rådmannen skal syte for ei rasjonell drift, og at drifta held seg innafør dei økonomiske rammene som Kommunestyret bestemmer.

For ansvar *Rådmann/sentraladministrasjon* var det eit meirforbruk på 0,5 millionar kroner. Dette skuldast alt vesentleg kostnader i høve tiltak (film og ordførarkjede) og aktivitetar ved hundreårsmarkeringa som ikkje var budsjettert. Ansvarsområda *Oppvekst* og *Omsorg* hadde samla eit mindreforbruk på 0,3 millionar. Ansvar *Teknisk* hadde eit mindreforbruk på 0,4 millionar kroner. Kommunen sitt totale rekneskapsmessige mindreforbruk var 3,2 millionar kroner.

Rekneskapen for 2010 er lagt fram med eit netto driftsresultat på 6,0 millionar kroner (7,9 %). I forhold til mange andre kommunar er dette eit godt resultat. Men seinare års nyinvesteringar har auka driftskostnadane på ulike tenestoområde. Dei løpande driftskostnadane har auka slik at brutto driftsresultat er 1,6 millionar kroner i 2010 mot 3,1 millionar kroner kr i 2009. Rådmannen ser derfor trong for ei tettare oppfølging av driftskostnadane i høve vedtekne budsjett i tida framover.

Etter 3 år vart søknaden om grensejusteringa mellom Vaksdal og Modalen endeleg avklara i februar 2011. Dei økonomiske sidene ved saka førte til at regjeringa vedtok å avslå søknaden. Den tidlegare uavklarte saka påverka arbeidet med kommunale planprosessar i 2010. Likeeins har denne saka påverka samarbeidet med Vaksdal kommune, og drifta ved Modalstunet.

### Likestilling

Arbeidsgjevar har ei plikt til å arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Frå 2009 vart lova og rapporteringskravet skjerpa på dette området.

Modalen kommune har ei overvekt av kvinnelege arbeidstakarar, men begge kjønn er representert på nær alle nivå i politikk og administrasjon. På sikt er det eit mål å auke talet av kvinner i leiarstillingar. Rådmannen kan ikkje sjå at det er trong for å setja i verk spesielle tiltak for å fremme likestilling eller hindre forskjellshandtering i Modalen kommune. Ved tilsettingar i kommunen vert søkjar sine kvalifikasjonar meir enn kjønn vektlagt.

### Kjønnsfordeling 2010

Rådmann/kommunalsjefar:	Menn 3 - 100 %	Kvinner 0
Rådmann/kommunalsjefar/mellomleiarar:	Menn 7 - 58 %	Kvinner 5 - 42%
Alle tilsette i Modalen kommune	Menn 27 - 23 %	Kvinner 91 - 77%

### Diskriminering og etikk

Nye etiske retningsliner for tilsette og folkevalde i Modalen kommune vart vedtekne i desember 2010.

### Personalpolitiske retningsliner

Retningsliner for lønnspolitikk og seniorpolitiske tiltak vart innført frå 01.01.10.

### HMT- arbeid

Det har vore utført vernerundar ved alle verneområda. Det er ikkje registrert ulukker eller skader på personalet. Kommunen har avtale med HMT-gruppa, som er Modalen kommune si bedriftshelseteneste, om rettleiing, kontrollar og førebyggjande tiltak.

### Sjukefråvær

1.kvartal		2. kvartal		3.kvartal		4.kvartal		Samla	
2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010	2009	2010
13.4%	6.1%	7.2%	5.1%	4.8%	5.1%	6.2%	6.3%	7.9%	5.7%

Fråvær gjeld alle som får fast utbetalt lønn (inkludert faste vikarar) . Eigenmeldingar er medrekna. Kommunen har ei positiv utvikling, og eit lågt nivå på sjukefråværet.

Svein Festervoll slutta i stillinga som rådmann 31.05.10. Kommunalsjef Inge Kårevik var konstituert rådmann i perioden fram til Øivind Olsnes tok til som rådmann frå 01.08.10.

**Rådmannen vil takke politikarar, tillitsvalde, leiarar og alle tilsette i organisasjonen for samarbeid og innsats i 2010.**

# Økonomi og rekneskap

## SAMANDRAG

Rekneskapsåret 2010 er avslutta med eit positivt netto driftsresultat på 6,0 millionar kroner. Dette er 1,5 millionar høgare enn det justerte budsjett-talet på 4,5 millionar kroner. Netto driftsresultat vert sett på som det viktigaste nøkkeltalet for å vurdera det økonomiske resultatet av drifta i ein kommune. Det vert ofte lagt til grunn at netto driftsresultat bør vere minst 3 % av driftsinntektene. Resultatet for Modalen kommune for 2010 svarar til 7,9 % av driftsinntekta. 3,56 millionar kroner kjem frå mva-kompensasjon på investeringar.

Rekneskapsmessig overskot vart kr 3 216 748, 75. Dette kjem fram etter at netto driftsresultat er justert for fondsbruk og -avsetjingar.

Netto driftsresultat er auka med 1,2 millionar kroner i høve til 2009. Auken kan direkte relaterast til auka mva-kompensasjon frå investering som òg er 1,2 millionar kroner høgare enn i 2009.

Lønsutgiftene er den største utgiftsposten til kommunen. 43,5 millionar kroner (inkludert sosiale kostnader) av samla driftsutgifter på 73,7 millionar kroner utgjer 59 %. Lønsutgiftene sin del av driftsutgiftene har vore stigande, men er for 2010 ein prosent lågare enn 2009. Framleis er lønsdelen av utgiftene lågare i Modalen kommune enn i dei fleste andre kommunar.

Økonomisk oversikt for investeringsrekneskapen syner eit finansieringsbehov på 23,9 millionar kroner. Dei største investeringsområda har vore nye gjennomgangsbustader, ombygging av Mo skule, fiber- /breibandsutbygging og høgdebasseng på Mo. Dei 4 prosjekta har ei samla utgift på om lag 21,44 millionar kroner i 2010. Av finansieringsbehovet på 23,9 millionar kroner er 22,2 millionar kroner finansiert med eigne fondsmidlar.

Det er berre vel 4 millionar kroner igjen i samla fondsmidlar per 31.12.10. Det vert tilrådd å setje av rekneskapsmessig mindreforbruk i driftsrekneskapen til disposisjonsfond, etter oppdekking av udekket i investeringsrekneskapen for 2010.


## VURDERING

### Resultat i drifta

2010 har gjeve nok eit positivt resultat for kommunen. Netto driftsresultatet er meir enn dobbelt så høgt som tilrådd nivå for å ha ein sunn økonomi. I samandraget er det peika på at 3,56 millionar kroner av resultatet kjem frå mva-kompensasjon på investeringar. Utan den inntekta ville resultatet vore 2,47 millionar. Dette utgjer om lag 3,3 % av samla driftsinntekt, altså rett over tilrådd nivå.



Diagram: Utvikling netto driftsresultat 2000-2010 (Tal i 1000)



Netto driftsresultat er løpande driftsutgift og driftsinntekt, inkludert finansinntekt og finansutgift. Avskrivningar inngår ikkje i resultatet. Netto driftsresultat er knytt til den løpande drifta, og gjev eit uttrykk for handlefridomen til kommunen det einskilde år.

Det har mange gongar vore påpeika at kommunen treng høge driftsresultat for å kunne finansiera investeringsutgiftene med egne oppsparte midlar. Netto driftsresultat på 6,0 millionar kroner er noko lågare enn gjennomsnittet for dei siste 10 åra, som er om lag 6,8 millionar kroner. Driftsresultatet er òg mykje lågare enn nivået på investeringane dei seinare åra. Rådmannen har tidlegare peika på at det er viktig å oppretthalde eit høgt driftsresultat samt å tilpassa investeringsnivået til driftsresultata over tid. I budsjett- og økonomiplanarbeidet for 2011-2014 var det eit særskilt fokus på tilhøvet mellom årleg driftsresultat og investeringsnivå.

#### **Rekneskapsmessig meir-/mindreforbruk: kr 3 216 748,75.**

Rekneskapsmessig mindreforbruk er netto driftsresultat korrigert for avsetjingar, bruk av avsetjingar og finansiering av utgifter i investeringsrekneskapen. Kommunestyret skal gjere vedtak om disponering av dette resultatet. Rådmannen tilrår at midlane vert sett av til disposisjonsfond.


#### **Driftsinntekt**

Modalen kommune har høg inntekt, noko som er nødvendig for ein liten kommune om ein skal kunne tilby spekteret av velferdstenester, samt tilrettelegging og utvikling av infrastruktur med meir.

Diagrammet under syner at over halvparten av samla driftsinntekt (50,9 %) kjem frå dei tre postane naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt. Det meste av dette er knytt til inntekt frå kraftproduksjon. Rammetilskot frå staten og personskatt er av mykje mindre betydning i Modalen kommune enn dei fleste andre kommunar, der desse inntektspostane er dei klart største. Såleis er det inntekt basert på utnytting av kommunen sine egne ressursar som legg grunnlaget for den kommunale tenesteytinga og samla utgift i kommunerekneskapen. Dette biletet har vore relativt

stabilit dei siste 10 åra der naturressursskatt, konsesjonsavgift og eigedomsskatt har svinga noko omkring 50 % av dei samla inntektene i perioden. Rammetilskot frå staten har i same periode vorte redusert frå om lag 16 % i 2000 til under 8 % av dei samla inntektene i 2010.

Diagram: Fordeling av samla inntekt på ulike inntektspostar



Inntektene har samla auka med 5,8 % i høve til 2009. Dette er mindre enn auken i utgifter (sjå under). Samla skatt (personskatt og naturressursskatt) har auka med 2,7 %, ein relativt låg auke etter ein stor auke i 2009 (9,77 %). Det er såleis finanspostane som gjer at netto driftsresultat vert betre enn 2009. I 2009 vart det utgiftsført ein stor post, 2,8 millionar kroner, angående utlån/ forskottering til utbetring av veg på Eidslandet.

### Driftsutgift

Driftsutgiftene til kommunen har auka frå 68,1 millionar kroner til 73,7 millionar kroner frå 2009 til 2010. Auken utgjer om lag 8,2 %, noko som er høgare vekst enn året før (7,7 %). Dette er inklusiv avskrivningar og utanom finanspostane. Avskrivingsutgift vert null ved eigen motpostering i kommunerekneskapen, og er ikkje med i netto driftsresultat. Vurderer ein utgiftsauken utanom avskrivning vert utgiftsveksten likevel om lag 7,4 %.

Auken er høgare enn normal pris- og lønsvekst skulle tilseie, og gjev såleis eit uttrykk for auka aktivitet i kommunen. Samla lønsutgift har auka med om lag 5,9 %. Lønsutgift utanom pensjon og arbeidsgjevaravgift har òg auka med om lag 5,9 %. Justerer ein for inntekt frå sjuke- og fødselspengerefusjon vert auken om lag 8,6 %. Det er altså ein stor reduksjon i refusjonsinntekta i høve til 2009. KS opplyser at gjennomsnittleg lønsvekst frå 2009 til 2010 var om lag 3,45 % i KS-området.

**Budsjettstyring og avvik**

	Regnskap	Buds(end)	Avvik	Avvik	Budsjett	Regnskap
	2010	2010	i kr	i %	2010	2009
<b>Rådmannen/sentraladm</b>	13 510 172	12 989 049	521 123	4,01 %	12 874 807	11 608 979
<b>Oppvekst</b>	10 283 010	10 547 811	-264 801	-2,51 %	10 797 811	9 052 142
<b>Omsorg</b>	14 628 854	14 671 435	-42 581	-0,29 %	14 671 435	14 485 035
<b>Teknisk</b>	8 417 458	8 815 711	-398 253	-4,52 %	9 229 953	7 359 249
<b>Totalt budsjettområda</b>	<b>46 839 494</b>	<b>47 024 006</b>	<b>-184 512</b>	<b>-0,39 %</b>	<b>47 574 006</b>	<b>42 505 405</b>

Oversikta syner nettoutgift per budsjettområde på det nivået som kommunestyret har gjeve budsjettløyvingane. Kommunestyret gjev rammeløyving til 4 budsjettområde: *Rådmannen/sentraladministrasjon*, *Oppvekst*, *Omsorg* og *Teknisk*. Budsjettområda utanom *Rådmannen/sentraladm* har halde seg innanfor justert budsjettløyving, og har mindreforbruk i høve løyvinga. Tala syner god budsjettdisiplin. Det meste av avviket på *Rådmannen/sentraladm* knytter seg til ikkje-budsjetterte kostnader til 100-års jubileum inkludert film, samt ordførarkjede. Omlag 2,2 millionar kroner av nettoutgifta til *Teknisk* er knytt til reinhaldstenesta.

**Investering**


Bokført investeringsutgift i 2010 er 23,9 millionar kroner. Utgiftene til fiberutbygging, gjennomgangsbustader på Mo, ombygging av Mo skule og høgdebassen på Mo er dei største prosjekta med samla utgift på 21,4 millionar kroner. Investeringsutgiftene er finansiert med bruk av fondsmidlar, overføringsinntekt (spelemidlar) og refusjon/ tilskot. Det er gjeve eit formidlingslån i løpet av året som er finansiert med bruk av tilsvarende lånemidlar frå lån i Husbanken.

**Likviditet/ arbeidskapital**

Med omløpsmidlar meinast kontantar, bankinnskot, kortsiktige plasseringar og kortsiktige fordringar. Omløpsmidlane i kommunen må vera store nok til å dekkje den kortsiktige gjelda. Omløpsmidlane korrigerert for den kortsiktige gjelda gjev oss arbeidskapitalen.



Diagram: Utvikling i arbeidskapital 2001-2010 (tal i 1000)




Utviklinga i arbeidskapitalen har vore negativ dei siste åra, med fallande trend frå 2006. Arbeidskapitalen er lågare enn på svært lenge, noko som skuldast eigenfinansiering av store investeringsutgifter, der det meste av avsette midlar frå tidlegare år er nytta.

## LÅNEGJELD OG FOND

### Fond

Diagram: Samla fondsmidlar pr 31.12 frå 2001 – 2010 (Tal i 1000)



Oversikta syner stor reduksjon i samla fondsmidlar i kommunen i 2010. Samla fondsmidlar er vel 4 millionar kroner, det meste bundne midlar. Handlefridomen og moglegheitene til å eigenfinansiere investeringane i framtida er såleis kraftig redusert. Med eit svært lågt nivå på fondsmidlane, er høvet til å eigenfinansiere investeringsutgiftene avgrensa. Det vil i stor grad vere det løpande driftsresultatet det einskilde året, som vil avgjere investeringsnivået det same året. Ein viser såleis til det som òg er nemnt ovanfor, om at det er viktig å styra driftsutgiftene og driftsresultatet, samt investeringsnivået, for å kunne halde ved lag handlefridomen, og ha buffer mot dårlegare tider og uforutsette endringar og hendingar.

I 2011 vert konsesjonsavgift knytt til oppstart av Nygard pumpekraftverk truleg ferdighandsama i NVE. Såleis vil det bli etterbetalt konsesjonsavgift tilbake til 2005. Dette vil betre storleiken på fondskapitalen til kommunen utover kva som vert generert frå den ordinære, løpande drifta for 2011.

### Lånegjeld

Modalen kommune tok opp nye lån i 2005 og 2006, samla 38,775 millionar kroner, i samband med bygging av Bryggjeslottet. Lånegjelda er såleis relativt stor per innbyggjar, men er moderat i høve kommunen si evne til å betene rente- og avdragsutgift. Rente- og avdragsbetaling på lånegjeld er teke høgde for i gjeldande budsjett og økonomiplan. Kommunen ligg godt over minstekravet til årleg avdrag.

**Tabell: Utvikling i lånegjeld 2002 – 2010**

(tal i 1000)	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010
<b>Lånegjeld</b>	4 850	4 040	3 230	16 793	40 723	38 800	36 877	34 378	31 878
<b>Lånegjeld pr innb</b>	14 017	11 038	8 947	47 438	114 390	107 778	105 063	99 936	86 157
<b>Innbyggjartal</b>	346	366	361	354	356	360	351	344	370



Foto: Øyvind Fosse

## IKT

Kommunen har tilsett økonomi- og IT-rådgjevar i 100 % stilling. Stillinga er ei kombinert stilling for IT og økonomi. Men hovudtyngda av arbeidsoppgåver har dette året vore lagt til IKT-området. Kommunen har eit IKT-samarbeid med dei andre kommunane i Nordhordlandsregionen. Kommunane som er med på prosjektet er Modalen, Austrheim, Fedje, Lindås, Meland, Radøy, Masfjorden, Osterøy og Vaksdal. Samarbeidet vert kalla SING. Det byggjer på eit felles fibernett mellom rådhusa. Dette nettet dannar grunnlaget for felles tenester, som tilgang til internett og servardrift.

I 2009 vart det starta på arbeidet med å byggje ut fibernett til alle husstandar i Modalen Kommune. Fibernettet skulle vore ferdigstilt og i drift ved utgangen av 2009. Uforutsette hendingar og frost og kulde i slutfasen av anleggstida forseinka arbeidet mykje. Først hausten 2010 vart anlegget ferdigstilt. Ein har no eit nettverk basert på fiber heilt fram til alle innbyggjarane. Bedrifter som ikkje hadde fiber frå før fekk dette lagt inn. Bedriftene har teikna eigne avtalar for internettaksess med BKK. Alle private husstandar fekk tilbod om å teikne avtale med BKK om Altibox. Altibox-løysinga gjer det mogleg å knytte seg til både internett, IP-telefonløysing og TV. Dei fleste husstandane har teikna avtale med BKK. Etter vedtak frå Kommunestyret yter Modalen kommune eit tilskot til den einskilde husstand som er kopla til den nye fiberkabelen, og som bruker tenestene som vert gitt tilbod om. Tilskotet er eit fast beløp, og er sett til kr 200,- per husstand per måned.



## ØKONOMI

Det har vore om lag kr 100 000,- i meirforbruk i forhold til budsjettet under ansvar 1400, *IT-konsulent*.

Kostnad ved innkjøp av turnusplanleggingsprogram er vorte fordelt over tre år. Dette måtte derfor først i driftsrekneskapen. I tillegg var det gamle radiolinknettet i drift i heile 2010 fordi det har tatt mykje lengre tid enn berekna å få fibernettet ferdigstilt. Ein har derfor hatt kostnadar med drift av radiolinknett som skulle falle bort når fiberen var på plass.

## AKTIVITET

Det har vore stor aktivitet i det regionale samarbeidet i 2010. Gjennom året har det vore regelmessige møte mellom dei IT-ansvarlege i kommunane. Alle kommunane har no eit felles domene. Det er blitt laga ei e-postløyising for SING-samarbeidet. Felles administrativ programvare for skule og barnehage er tatt i bruk, og ein har eit felles driftsmiljø for applikasjonar som handterer sensitive opplysningar. Visma, som er leverandør av kommunen sitt økonomiprogram, har lansert ein ny versjon av dette; Visma Enterprise. Alle kommunane måtte etter kvart ha oppgradert til denne versjonen. Kommunane i samarbeidet inngjekk derfor ein felles avtale med Visma om denne oppgraderinga. Alle kommunane sine program frå Visma blei samla på ein felles server i Lindås. I løpet av hausten 2010 vart overgang til ny server, og oppgradering til Enterprise gjennomført. I tillegg vart det investert i turnusplanleggingsprogram, Notus, som vert nytta på Modalstunet.

Arbeidet med IKT-løysingar har vore uformelt og basert på samarbeid mellom dei IKT-ansvarlege i dei samarbeidande kommunane. Forholda ligg no til rette for eit tettare og meir formalisert samarbeid, og utvikling i samsvar med IKT-strategien som ligg i botnen av samarbeidet. I 2010 vart det gjort vedtak om at Modalen kommune sluttar seg til at det blir etablert felles IKT-drift med Austrheim, Fedje, Lindås, Meland, Radøy, Masfjorden, Osterøy og Vaksdal. Det praktiske arbeidet med å etablere ein felles driftsorganisasjon vert utført av rådmannsgruppa. I desember 2010 vart det bestemt at Osterøy skal vere vertskommune for felles IKT-drift.

Opplæring i både Notus og i nye funksjonar i Visma Enterprise har blitt gjennomført i samarbeid med dei andre kommunane i regionen. I tillegg var det eit behov for opplæring i sak / arkiv-systemet WebSak. Det var fleire nyttilsette som trengte innføring i systemet i tillegg til at andre tilsette fekk ei oppfriskning av kunnskapen. Det vart derfor halde kurs for saksbehandlarar og arkivansvarlege her i kommunen. Ein leigde då inn kurshaldar frå Acos i to dagar.



Foto: Arne Brekkhus

## Kulturkontoret

### TENESTER OG OPPGÅVER

Kultursjefen har 100% stilling og ungdomsarbeidaren har 20 % stilling. Til stillinga ligg ansvar for kultur, miljø, planlegging og ungdomsarbeid. Kulturkontoret ligg under rådmannen sin stab.

Kulturkontoret står til teneste med:

- Turistinformasjon
- Tilskot til lag og organisasjonar
- Kulturminnevern
- Samordning av aktivitetar
- Kulturarrangement
- Tilrettelegging av friluftsliv
- Den kulturelle skulesekken
- Søknad om tilskot, til dømes tippemidlar

## MÅL

Modalen skal vera prega av eit rikt og mangfaldig tilbod innan kultur og idrett. Kommunen skal satse på tiltak som bevarer bygda sin kulturelle eigenart og identitet.

Modalen kommune får gode tilbakemeldingar på at me har eit godt og variert tilbod innan kultur. Vi har òg hatt ei bevisst satsing på kulturminnevern. I 2010 vart det løyvd kr 200 000,- i tilskot til restaurering av eldre bygg.

## ØKONOMI

I 1010 var det 100-års jubileum for Modalen kommune. I samband med dette vart det løyvd kr 250 000,- til jubileet. Samla vart det eit lite mindreforbruk.



## AKTIVITET

Utanom ”vanlege” aktivitetar som barneteater og ulike konsertar i Bryggjeslottet, Modalsmarknaden, veteranbåttreff og liknande er det 100- års jubileet som har prega mykje av aktiviteten i året som gjekk. Sjølv feiringa gjekk av stabelen på Modalsdagane. Fredag ettermiddag var den offisielle markeringa med mellom anna tale av Fylkesmannen Lars Sponheim. Då vart det nye ordførarkjedet tatt i bruk. Den nye boka ” Den vesle kraftkaren” vart lansert, og det var gratis grillmat og kake til publikum. Heile helga var prega av fest med flotte artistar som Rita Eriksen, Åsmund Nordstoga og Sondre Brattland.

Arbeidet med merking av turstiar har gått jamt og trutt. Mange av stiane er merka, og nokre av skilta til stølane er sett opp.

Den kulturelle skulesekken er eit samarbeid mellom kulturkontor, bibliotek, skule og indre

deler av Vaksdal kommune. Målet er å få kulturtilbod av høg kvalitet integrert i skulen. I 2010 har skulen hatt tilbod som forfattarbesøk, teaterbesøk, teatertur til Bergen, konsertar og lokale prosjekt. Det har og vore teater- og musikktilbod til barnehagen.

Det er ungdoms- og juniorklubb to gonger i månaden i Bryggjeslottet.

Utanom å vidareføre alle dei viktig aktivitetane som har vore vanlege dei siste åra, er planen at merking og gradering av turstiar skal få eit særleg fokus i tida framover. Ein vil prøve å få Modalen til å bli eit av dei mest attraktive turområda i Norge. Ein vil også prøve å gjera Modalen endå meir kjent ved å arrangere ein workshop for biletkunstnarar som ein håpar kan verta årleg.





Foto: Magne Sandnes

## Bryggjeslottet

Bryggjeslottet er eit allaktivitetshus som inneheld bowling, basseng, bibliotek, styrkerom og idrettshall.

Det er tilsett driftsleiar i 100% stilling, og reinhaldar i 80% stilling. I tillegg til desse vert det leigd inn bowling- og badevakter i helgane og feriar.

Målet for 2010 var å auka inntekta. Både bruken og utleiga har auka også i dette tredje driftsåret for Bryggjeslottet. Lokalet er fortsett mykje brukt av lokalbefolkninga og folk frå andre nærliggjande kommunar. Årskorta har blitt populære, det er no ca 140 selde årskort.

I løpet av året har det vore arrangert konsertar, revy og barneteater med meir. Publikumsoppslutninga er bra, men varierar ein del.

Det er laga ein ny inngang til styrkerommet via idrettshallen.



## Modalen folkebibliotek

Lov om folkebibliotek:

*Folkebiblioteka skal ha til oppgave å fremme opplysning, utdanning, og annen kulturell virksomhet gjennom informasjonsformidling, og ved å stille bøker og annet egnet materiale gratis til disposisjon for alle som bor i landet.*

Biblioteksjef er tilsett i 60% stilling. Til stillinga ligg og ansvar for fjernarkivet.

Modalen folkebibliotek samarbeidar med dei åtte Nordhordlandskommunane, med mellom anna felles katalog, ulike prosjekt, kurs og arrangement.

I 2010 er Nynorskprosjektet vidareført. Det vert fokusert på nynorsk barnelitteratur for å auka interessa for, og utlånet av desse bøkene. Det har vore fleire kurs med fokus på nynorsk litteratur. Eit nynorsk kortspel til skulane er under utvikling, dette skal vere klart i 2011. Nynorskprosjektet vert avslutta i 2011. Nordhordlandsbiblioteka skal gå over til nytt biblioteksystem då Aleph ynskjer å

avslutta samarbeidet. Nordhordlandsbiblioteka samarbeider om ei felles heimeside ” Mitt Nordhordland” som skal opnast i juni 2011.

Mo skule, Modalen barnehage og Eksingedalen skule er faste brukarar av bibliotektenestene. Biblioteket samarbeider med Mo skule og kulturkontoret om forfattarvitjingar, barneteater, utstillingar og konsertar.

Lokaliseringa i Bryggjeslottet er svært vellukka. Huset har utvikla seg til ein møteplass for folk i alle aldrar. Kvar laurdag er det barnetreff, og når det er barnearrangement er det stort frammøte. Likevel har utlånet gått ned i høve til 2009. Største nedgangen finn ein innan fagbøker for born, musikk og dvd.

**Biblioteket er ope :** tysdag 9.00-16.00, onsdag 9.00 15.00, torsdag 13.00-19.00

og annakvar laurdag 12.00 - 15.00.

	2010	2009
Utlån bøker, born	1738	1825
Utlån bøker, vaksne	1750	1859
Utlån film, born	395	473
Utlån film, vaksne	401	548
Lydbøker born	48	53
Lydbøker vaksne	189	198
Musikk born	44	41
Musikk vaksne	195	221
Anna, spel, m.m.	35	
Samla utlån	4795	5218





Foto: Margunn Farestveit

## Oppvekst og omsorgsetaten

Oppvekst og omsorgsetaten femner om avdelingane barnehage, skule, helse, sosial og pleie og omsorg.

### Organisering

Etaten er organisert med ein leiar på kvar avdeling. Kommunalsjef er leiar for etaten og rapporterer til rådmannen.

### ØKONOMI

Det økonomiske biletet for 2010 viser små avvik i høve planlagt budsjett. Samla sett hadde etaten eit mindreforbruk på ca kr. 300 000,- i høve justert budsjett 2010. Dette fordeler seg med eit mindreforbruk på barnehage og sosial medan dei andre avdelingane går i balanse. Avdelingane har vist god evne til å tilpasse drifta til vedteke budsjett.

# Sosialtenesta

## TENESTER OG OPPGÅVER

**Barnevernstenesta:** Modalen kommune har sidan 2007 hatt avtale med Vaksdal kommune om drift av barnevernstenesta i Modalen. Avtalen varer ut år 2011.

**Rusomsorg:** Ansvar for rusomsorga i Modalen er lagt til kommunalsjef.

**Avlastning og omsorgsløn for barnefamiljar:** Ansvar for vedtak og oppfyljing av tiltak lagt til kommunalsjef.

**Økonomisk rådgjeving og økonomisk sosialhjelp:** Ansvar lagt til NAV Modalen som har 20% kommunal stilling avsett til desse oppgåvene.

## MÅL

NAV-kontoret skal samordne oppfølging og tiltak til personar som har trong for hjelp frå folketrygda, arbeidskontor eller økonomisk sosialhjelp. Fagområdet til NAV er breitt og regelverket komplekst. Eit viktig arbeidsmål for sosialtenesta i 2010 var å få NAV-kontoret til å fungere med eigen sakshandsamar i Modalen. Vakans i stilling og skifte av sakshandsamar har gjort denne prosessen lang, og me har berre kunne tilbydd avgrensa opningstid. Kontoret har eit komplekst oppgåvetilfang og det har vore arbeidskrevjande for ny sakshandsamar å setja seg inn i regelverk og arbeidsrutiner. Erfaringane frå drifta av kontoret så langt viser at det er utfordrande for ein sakshandsamar å ha oversikt over eit så breitt og komplekst fagområde, og ein er avhengig av god støtte frå dei større kontora i Nordhordland i saker som ein ikkje får mengdetrening på i Modalen.

Leiinga ved NAV Modalen er todelt. Kommunalsjef har ansvar for det kommunale tilbodet (økonomisk sosialhjelp) medan leiar ved NAV Lindås er ansvarleg for dei statlege oppgåvene (arbeid og trygd) ved kontoret.

## ØKONOMI

Samla sett hadde sosialtenesta eit mindreforbruk på ca kr 120 000,-. Årsaka til dette er ekstra tilskot frå staten som ein ikkje hadde sett føre seg i budsjettet.


## AKTIVITET

Innan feltet barnevern har det vore jamn aktivitet i 2010.

Rusområdet har hatt fokus på det førebyggjande arbeidet med informasjonskampanjar og kontroll av sals og skjenkestadene. Det har vore gjennomført 6 kontrollar av sal i butikk, 2 skjenkekontrollar i Bryggjeslottet i samband med arrangement og 3 kontrollar ved Mobryggja. Det har ikkje vorte registrert avvik ved kontrollane, men det har vore gjeve merknader som sals- og skjenkestadane har retta opp.

Utgifter til økonomisk sosialhjelp har halde seg stabilt, men talet personar som treng gjeldsrådgjeving har vore aukande. Dette ser me som ei utfordring for tenesta framover.





## Pleie- og omsorgstenesta

### TENESTER OG OPPGÅVER

**Modalstunet bu- og opptrening** er hovudbasen i pleie- og omsorgstenesta.

Pleie og omsorg omfattar sjukeheim og heimesjukepleie, omsorgsbustader og heimehjelp-teneste. På Modalstunet har desse tilboda sitt utspring: institusjonsopphald, heimesjukepleie, heimehjelp og dagtilbod for eldre.

**DAGTILBOD.** Arbeidsstova på Modalstunet er open 4 dagar for veka. Her vert gjevne dagtilbod for bebuarane og for heimebuande. Kvar fredag er det bingo og kaffikos i daglegstova. Eldre i bygda er inviterte til å delta siste fredagen i kvar månad.

**FYSIOTERAPI.** Kommunefysioterapeuten vitjar sjukeheimen tysdagar og torsdagar, og gjev då tilbod til bebuarar og dagpasientar.

**HEIMETENESTA** gjev døgkontinuerlig tilbod til heimebuande etter søknad og fagleg vurdering.

**MIDDAGSUTKØYRING.** Heimebuande eldre kan etter søknad få middag frå sjukeheimen kjørt heim til seg.

**TRYGDE- OG OMSORGSBUSTADER.** Det er 2 husvære på Mo og 2 husvære på Øvre Helland som er øyremerkte eldre og uføre. I tillegg til dette er det 2 husvære på Øvre Helland som er øyremerkta psykiatri.

**TRYGGLEIKSALARM.** Heimebuande som ynskjer det kan søkja om å få leiga tryggleiksalarm gratis. Alarmen er knytt til Falken, som tek kontakt med brukaren.

**TEKNISKE HJELPEMIDLAR.** Det er eit stort utval av tekniske hjelpemidlar tilgjengelege til bruk i heimane. Kommunen har sjølv eit lite hjelpemiddellager for utlån. Kontaktperson for hjelpemidlar er fysioterapeut Terje Askeland,

## MÅL

- Gode, brukartilpassa tenester.
- God kvalitet, nok tenester, lett tilgang og samsvar med trong.
- Tenesta skal byggje på rehabiliteringstenking.
- Skapa eit godt miljø der både brukarar og dei som arbeider skal trivast.
- Pårørande skal føla seg velkomne og dei skal kjenna seg trygge på at deira familiemedlem har det godt.

Respekt og tru på den einskilde sine ressursar er styrande i det daglege arbeidet for personalet som arbeidar i Pleie- og omsorgstenesta i Modalen Kommune.

## ØKONOMI

Pleie og omsorgstenesta går samla sett i balanse.

## AKTIVITET

Det har vore 57 innskrivingar av pasientar ved Modalstunet bu & opptrening i 2010. Dette er 28 fleire enn i 2009.

55 utskrivningar, av desse 2 dødsfall.

Vaksdal har brukt sine 4 faste plassar gjennom heile året.

Lindås kommune har frå 01.03.10 – 31.12.10 leigd 2 årsplassar, i tillegg til kortidsplassar.

Årsplassane utgjorde 612 døger og kortidsplassane 429 døger i 2010.

Samanlikna med 2009 der me selde 503 kortidsplassar, er det ein auke i sal av plassar med 538 døger i 2010.

Modalen Kommune har i snitt brukt fem plassar til eigne brukarar ( 0,5 plass mindre enn i 2009).

## Heimehjelp

Talet på brukarar som har fått heimehjelp frå Pleie- og omsorgstenesta er stabilt.

Seks brukarar fekk praktisk bistand i 2010. Dette utgjorde i snitt gjennom heile året ca ti timar per veke.

## Heimesjukepleie

Talet på mottakarar av heimesjukepleie er stabilt. Mellom 10 - 12 brukarar har i snitt motteke ca. 26 timar heimesjukepleie per veke i 2010.

## Tryggleiksalarmar

Fem personar har nytta tryggleiksalarm. Modalen Kommune leiger utstyr frå Falken (Lev vel helse, hjelp 24) og nyttar Falken sin alarmsentral.



## Personell

2010 har vore eit stabilt år. Det har vore som tidlegare år utfordringar med vikarar i periodar. Ein omsorgsarbeidar er i utanning og ferdig utdanna sjukepleiar våren 2011. I tillegg er ein omsorgsarbeidar begynt på to års vidareutdanning innan rehabilitering for fagarbeidarar og er planlagt ferdig 2012.

I vår starta ni personar opp med Demensomsorgens ABC. Dette er eit kompetansehevande tiltak under Demensplan 2015. Demensomsorgens ABC er eit studiemateriale som vert brukt til opplæring i tverrfaglege studiegrupper. Målet er å fremje kompetanse innan fagområdet demensomsorg i pleie og omsorgstenestene, utvikle både tverrfagleg forståing og kunnskap hjå gruppedeltakarane, samt gje auka samhandling og samarbeidskompetanse.

## Kjøkken og vaskeri

Målet for desse to avdelingane er å yta best mogleg service til brukarane.

Kjøkkenet på Modalstunet har fokus på: ”Mat som medisin” Me kan eta oss friske og fokuserer på samanheng mellom kosthald, ernæring og helse.

Modalen Kommune har ei målsetjing om at dei eldre skal kunna bu heime så lenge dei sjølv ynskjer det, og det er forsvarleg. I snitt vart det levert varm middag til 2-3 brukarar i heimen kvar dag.

Kjøkkenet serverer frukost, middag og kaffimat på Modalstunet

Vaskeri har vask og stell av all privat og felles tøy til bebuarane, samt vask av arbeidsklede til personalet. Vaskeriet tilbyr også vaskeritenester til heimebuande og dei andre etatane i kommunen.

## AKTIVITET

Julebordet på Modalstunet vart gjennomført som vanleg i desember. Her deltok ca 60 brukarar, pårørande og andre gjestar.

Kvar fredag vert det arrangert bingo på Modalstunet. Siste fredag kvar månad er det ”storbingo”, der alle eldre i bygda er velkomne.

- Kvar torsdag er det trim.
- Tilbod om dagtilbod etter behov.
- Baking er ein triveleg aktivitet som gjev oss alle opplevingar av både lukt og smak.
- Frisør og fotpleie tilbod til eldre.
- Barnehagen kjem på faste besøk.
- Elles vert det arrangert ”syng med oss”, musikkskulekonsertar og anna.
- Måltidsituasjonen vert kvar dag brukt bevisst, for å auka bebuarane sin evne til eigenomsorg - fysisk, psykisk og sosialt.
- Ein torsdag i månaden kjem presten eller kyrkjelydssekretæren saman med organisten. Dei syng kjende salmar, heldt andakt og tek seg tid til kaffi og kake. Dette er ei fin stund som mange bebuarar set pris på.



Foto: Bente Håvåg

Sansehagen blir bevisst brukt for å betre den daglege livskvaliteten ved å la brukarane ta del i kjente syslar som såing, hausting av grønsaker og bær, samt stell av blomar. Ved at brukarane får delta ut frå sitt funksjonsnivå opplever dei eldre meistring og samhandling i kvardagen.

Personalet opplever at ein slik terapeutisk hage, er både fysisk og psykisk styrkjande for bebruarane på Modalstunet. Den skapar ei fin ramme for aktivitet og den ”gode samtalen”. Me ynskjer å gje kvar enkelt gode stunder.

Modalen kvinne- og familielag og personalet ved Modalstunet saman med brukarane har hovudansvaret for å halda sansehagen. Familielaget er utruleg flinke til å stilla opp og me set stor pris på dette samarbeidet. Me har også fått god hjelp frå personar i nabolaget. Me har også i år hatt besøk frå andre kommunar, som vil sjå hagen vår. Det synes me er kjekt!

### **Hovudutfordring, pleie- og omsorg**

Me må ha fokus på tiltak som kan sikra stabile inntekter ved institusjonen, samstundes som me må sjå om det er tiltak som kan redusera utgifter og sikra drifta ved institusjonen.

Det er svært viktig å ha fokus på å behalde og rekruttere kompetent arbeidskraft. I dagens arbeidsmarknad kan dette vere ei utfordring, særleg vanskeleg er det å rekruttere til små stillingsstorleikar. Vidare må ein ha fokus på å auka og styrka fagkompetansen i organisasjonen.

God kvalitet på tenestene vil vera avgjerande for å kunna selja plassar. Sviktande sal av plassar og redusert belegg vil ha store konsekvensar for drifta.

Aukande inn og utskrivingar av pasientar frå og til andre kommunar krev mykje ressursar, kunnskap og eit tett tverrfagleg samarbeid mellom helsepersonell, lege og fysioterapeut på tvers av kommunegrensene.

Det er viktig at Modalen pleie og omsorg har målretta arbeid inn mot interkommunalt samarbeid sett i lys av samhandlingsreforma. Me må syna våre kvalitetar og utfordringar og ha fokus på utvikling. I dette arbeidet har me profilert oss på vår kompetanse og våre resultat innan rehabilitering.





Foto: Inge Kårevik

## Helsesenteret

### TENESTER OG OPPGÅVER

Kommuneoverlegen har leiaransvar for helsesenteret. Under Modalen helsesenter er følgjande tenester organisert:

**Legkontor:** Det er ein legeheimel i Modalen, kombinert fastlege- og kommunelegestilling. Legen har i 2010 arbeid i 90% stilling, fordelt på om lag 50% kurativ verksemd (pasientkonsultasjonar), 15% sjukeheimsteneste, 20% administrativt kommunelegearbeid og ca 5% helsestasjonsarbeid. Legkontoret har hatt ope måndagar, tysdagar og onsdagar. I tillegg utførte me akutt hjelp når legen var tilstades utanom desse tidene. Vi samarbeider med andre Nordhordlandskommunar om legevakt i Knarvik. Der får innbyggjarar i Modalen hjelp når det ikkje er lege i Modalen. Det er ca 520 personar som har hatt fastlege ved kontoret i 2010. Det er ein stillingsheimel på 60% for legesekretær ved kontoret.

**Kommunefysioterapeut:** 100% stilling. Oppgaver: Ambulerande og stasjonær fysioterapiteneste. Hjelp personar med plager i blant anna muskel-, skjelett- og lungesystemet. Formidling av tekniske hjelpemiddel. Trening/behandling av bebuarar på Modalstunet to dagar i veka.

**Helsestasjon:** Målgruppa for skule- og helsestasjonstenesta er born og unge i alderen 0 - 20 år. Eininga består av helsesøster i 50% stilling fom 1. juli 2010 (1. halvår 2010 i 30% stilling). Helsesøster har ansvar for helsestasjonstenesta i Modalen og skulehelsetenesta. I tillegg er det lege fast tilgjengeleg ved 6 veker, 6 månaders, 1 års og 2 års konsultasjon, samt ved førskuleundersøking. Helsestasjonen er lokalisert i helsesenteret på Mo og har ope ein dag per veke. Helsesøster er òg tilstades på Mo skule ein dag per veke. I tillegg har helsestasjonen opent for ungdom ein ettermiddag per veke, men denne ettermiddagen vert i nokre høve òg nytta til undervisning på foreldremøte, foreldresamtaler og liknande.



**Psykisk helsearbeid:** Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune omfattar tiltak som skal gje støtte til personar som har psykiske vanskar og konsekvensane dette fører til hjå den einkilde, familien deira og nettverket. Det psykiske helsearbeidet i kommunen skal fremje sjølvstende, det å høyre til og styrke evna til å meistre eige liv.

Den psykiske helsetenesta i Modalen utgjer til saman to årsverk. Tenesta er eit tilbod til alle innbyggjarar i Modalen kommune, som har behov for psykiske helsetenester.

Modalen Dagsenter er eit dag- og aktivitetstilbod som skal bidra til at personar med psykiske vanskar får eit strukturert og meningsfylt innhald i kvardagen sin, og at dei får tilbod om sosial kontakt med andre menneske. Dagsentertilbodet vert gitt til personar over 18 år i Modalen kommune, som har behov for oppfølging frå den psykiske helsetenesta. Tenesta omfattar: Dag- og aktivitetstilbod tysdag og torsdag. Dagsenteret har felles lokale med kyrkjestova i kommunehuset.

## MÅL

Å bidra til å gje innbyggjarane i Modalen kommune ei god og trygg helseteneste i samsvar med kommunehelsetenestelova.

### Legekontor

Mål: -sikre våre listepasientar eit tilfredstillande allmennlegetilbod

- med god tilgjengelegheit
- med akseptable ventetider for legetime
- med fagleg forsvarleg kvalitet på tenesta.

Oppnåing/diskusjon: Via brukarundersøking hausten 2010 har me fått tilbakemelding som tyder på at våre kundar stort sett er nøgd med tilbodet dei får, samstundes har me fått fram områder der me arbeider for å betre tilbodet. Dette gjeld i hovudsak tilgjengelegheit.

### Fysioterapi

Mål: Ha ei fagleg god utøving av dei ulike ansvarsområda som ligg i stillinga.

Konkrete arbeidsmål er det fleire av: Godkjenning av revidert rehabiliteringsplan. Fordjuping i geriatri, rehabilitering, fleire kroppssegment, individuell plan.

Oppnåing/diskusjon: Har ikkje fått godkjent rehabiliteringsplanen då noko arbeid gjenstår. Resten av måla er delvis oppnådd, men må jobbast kontinuerleg med.



### Helsestasjon

Mål: Følgje anbefalingane i «Kommunens helsefremmende og forebyggende arbeid i helsestasjons- og skolehelsetjenesten, Veileder til forskrift av 3- april 2003 nr. 450, IS-1154».

Oppnåing/diskusjon: Rammeverket for tenesta er følgt, og måla for tenesta er i hovudsak oppnådd. Alle born har fått gjennomført konsultasjonane som er anbefalt på helsestasjonen og i skulen, både med tanke på tid og innhald. Både på helsestasjonen og i skulen har alle elevane (med føresette) fått tilbod om dei vaksinane som er i barnevaksinasjonsprogrammet. Anbefalte aldersgrupper har òg fått delta på opplysningsverksemd både individuelt og i grupper til dømes i samband med ernæring, fysisk aktivitet og trivsel. I samband med måloppnåing har ikkje dei elevane som gjekk i 5. klasse i 2009/2010 hatt pubertetsundervisning grunna redusert stilling våren 2010. Desse elevane vil i 2011 få tilbod om pubertetsundervisning saman med dei elevane som går i 5. klasse i 2010/2011.

### Psykisk helseteneste

Mål: Den psykiske helsetenesta i Modalen kommune, skal vera eit lågterskeltilbod. Dette betyr at pårørande, brukar sjølv eller andre i hjelpeapparatet er velkomne til å ta direkte kontakt. Det er ikkje naudsynt med tilvising frå lege. Terskelen for å snakke med psykiatrisk sjukepleiar eller andre tilsette i den psykiske helsetenesta, skal vera like låg som å ha kontakt med helsesøster, fysioterapeut eller lege.

### ØKONOMI

Ansvar *Kommunelege* går samla sett i balanse.





Foto: Margunn Farestveit

## Mo skule

Rektor har fagleg og administrativt ansvar for grunnskule, skulefritidsordning, vaksenopplæring på grunnskulenivå og kulturskulen.

### TENESTER OG OPPGÅVER

Skuleåret 2009/10 var det 66 elevar i 1. til 10. klasse ved Mo skule. Skuleåret 2010/11 var talet auka til 74 elevar.

Ca 20 elevar er heimehøyrande i Vaksdal kommune. Det starta opp 9 nye 1.klassingar ved skulen hausten 2010.

Til saman arbeider ca 20 personar i 15 stillingar ved skulen.



Skulen si verksemd er regulert av Opplæringslova med forskrifter.

Kommunestyret vedtok i sak KS-007/10 system for ”Kvalitetsvurdering av verksemd etter opplæringslova i Modalen kommune, Mo skule”. Systemet er utarbeidd for at mellom anna skuleeigar og myndigheiter kan vurdere om krava i opplæringslova og forskriftene til lova vert oppfylte ved Mo skule.

Mo skule har utarbeidd ein tilstandsrapport som omhandlar læringsresultat og læringsmiljø i 2010. Denne årlege rapporten vart drøfta av skuleeigaren av kommunestyret i møte den 10/2-11, jf. Opplæringslova § 13-10, andre ledd.

I 2010 har skulen vore under ombygging. Både elevar og tilsette har vist godt samarbeid under ombygginga. Til skulestart stod det nye bygget ferdig. Det ser ut til at alle trivst med det nye bygget. Kantina er blitt ein sentral og viktig plass for alle, og det er stor oppslutning om denne. Elevane på Mo skule får kvar dag tilbod om brødsiver og variert pålegg, drikke, frukt og grønnsaker. Mattilbodet vert gjeve i samsvar med Ernæringsrådet sine retningslinjer for eit sunt kosthald.

## MÅL

Det overordna styringsdokumentet for Mo skule si verksemd finn ein i Opplæringslova med forskrifter. Dette dannar grunnlaget for skulen sitt arbeid med ”Kunnskapsløftet” (K06) der ein finn dei meir konkrete planane for skulen si verksemd. Frå 1.aug.2009 kom det nye vurderingskriteriar. Mo skule har arbeidd aktivt med å få desse innarbeidd i skulekvardagen, og gjer erfaringar etter kvart som me tek i bruk nye metodar for vurdering.



Mo skule har utarbeidd ”Handlingsplan for Mo skule 2010/11”. Internt ved skulen er det eit mål at det vert utvikla ein kultur som er prega av ein felles forpliktande praksis ved skulen. For elevar og føresette inneber dette og at skulen sin praksis vert meir synleg. Måla i handlingsplanen blir evaluert til jul, og eventuelle justeringar i handlingsplanen vert gjort då. Ein slik handlingsplan er og eit uttrykk for ein organisasjon som lærer, og dermed eit av dei tiltaka som er med på å skape vekst og utvikling.



Nasjonale prøver vart gjennomført på 5., 8. og 9. trinn hausten 2010. Mo skule bruker resultatane internt i arbeidet med å heve kvaliteten på opplæringa og for å auke elevane sine læring. Analysen av resultatane på Mo skule syner at elevane sine prestasjonar ligg midt på treet, og i nokre tilfelle over gjennomsnittet. Samstundes er det vanskeleg å samanlikne resultatane med andre kommunar fordi skulen har for få elevar til dette. Men dette gjev samstundes høve til å kunne fokusere på den enkelte elev sine resultat. Resultatane frå dei nasjonale prøvene indikerer at ein treng eit sterkare fokus på matematikk på nokre årstrinn. Derfor har skulen mellom anna innført gratis ”mattehjelp” to gongar i veka. Oppslutninga har vore god, og ein meiner allereie å sjå resultatane over auka innsats.

I 2010 har skulen hatt to tilsette på vidareutdanning i samband med den statlege satsinga ”Kompetanse for kvalitet” der dei har vidareutdanna seg i engelsk og friluftsliv. Skulen deltek også i år med tilsette på kurset ”Dei Utrolige Åra” og ”Zippys venner”. Desse kursa har mellom anna fokus på atferd hos elevane

Elevundersøkinga vert gjennomført to gongar i året. Denne viser gode resultat med omsyn til trivsel på skulen. Skulen arbeider målbevitne for at trivselen hos elevane skal vere høgast mulig, mellom anna fordi trivsel har stor innverknad på læringa hos den enkelte elev. Skulen har eigen sosiallærer/spes.ped.retteiar, og ein gjer seg nytte av Olweus sitt anti-mobbeprogram.





Foto: Margunn Farestveit

### **Modalen Skulefritidsordning, SFO**

Det er utarbeidd egne vedtekter for SFO i Modalen kommune basert på opplæringslova § 13-7. Det er i alt 23 born som nyttar seg av SFO-tilbod dette skuleåret. Åpningstidene til SFO er 07.30-16.30 alle dagar. Daglig leiar for SFO er Margunn Farestveit.

Hausten 2010 innførte Mo skule gratis leksehjelp for 1.-4. klasse. Denne organiserast i samband med SFO-ordninga ved skulen.

### **Modalen Kulturskule**

Skuleåret 2010/11 har Modalen Kulturskule fått tilsett eigen kulturskulelærer i musikk. Tilbodet som vert gitt er m.a. opplæring i gitar, piano, keyboard, bass, saksofon og trommer. Kulturskuletilbodet i musikk har vore populært hos elevane. Det vert gitt over 30 tilbod i musikkopplæring. Hausten 2010 vart det også gitt tilbod om kurs i keramikk.

Kulturskulen har også dette skuleåret samarbeidet med UniMicro A/S om eit datatilbod for dei eldste elevane. Dette har og vore eit populært tilbod.

### **ØKONOMI**

Ansvar *Mo skule* går samla sett i balanse.





Foto: Margunn Farestveit

## Modalen barnehage

### TENESTER OG OPPGÅVER

Barnehagen er open frå 07.30-16.30. I løpet av dagen får borna 3 måltid og frukt. Foreldre kan velje mellom eit 3 - eller 5 dagars tilbod. Prisen for barnehageplass er lågare enn makspris for barnehage (2330,-). Ein 3 dagars plass kostar 1300,- og ein 5 dagars plass kostar 1700,-. Kostpris for 4 måltid er innbakt i foreldrebetalinga. Vi arbeider etter Modalen barnehage sin årsplan som er utforma etter Barnehagelova og Rammeplan for barnehagar. Barna får eit breitt og variert pedagogisk tilbod som er tilrettelagt for dei ulike aldersgruppene. Vi legg vekt på humor, glede og fysisk aktivitet. Vi nyttar oss av leikeplassen i barnehagen, skogen i nærmiljøet, badebasseng og gymsal i Bryggjeslottet for å gje barna gode fysiske aktivitetar. Det pedagogiske arbeidet er forankra i dei 7 fagområda i Rammeplan for barnehagar.

Modalen barnehage er ein 3-avdelings barnehage med styrar som leiar. Kvar avdeling har ein pedagogisk leiar som har med seg assistentar etter talet på barn. Vedtektene til Modalen barnehage fastsett bemanningsnorma ein vaksen per 5 barn. I barnehagelova og vedtektene er det fastsett kor mange barn det skal vere per pedagogisk leiar.

I barnehageåret 2010 var det 40 barn på vårhalvåret, og 35 barn på hausthalvåret. Tal på årsverk var 11,53 inkludert kjøkkenassistent.

## MÅL

Hovudmålet til Modalen barnehage lyder slik: ”Me vil arbeida for å gjera barna sterke sosialt, språkleg og kroppsleg”. Visjonen vår er ” Ein god barnehage der tryggleik, humor og glede står i fokus”.

I tillegg hadde vi i 2010 satsingsområdet samfunn og nærmiljø, som er fagområdet i rammeplanen me har vald å fordjupe oss i. Modalen kommune var 100 år, og temaet Modalen gjennom 100 år kom som ei oppfordring frå kulturkontoret om å fordjupe oss i.

## ØKONOMI

Barnehagen har eit mindreforbruk på ca 250.000,- kr. Årsak til dette er at refusjonar frå staten vart høgare enn forventa.

## AKTIVITET

Barnehagen har ein del faste aktivitetar gjennom året som: basar til inntekt til FORUT, besøk frå 1. – 7. klasse med lesestund 2 gongar i året, advent/ juleførebuing, solfest, karneval og fastelavn, påskefrukost, vårteikn, så frø, barnehagedagen, 17. mai-førebuing, sommarfest, hatteparade ved Modalsdagane, tur til basseng og gymsal, bibliotek, bruk av naturen i nærmiljøet, bingo på Modalstunet og samarbeid med kommuneadministrasjonen, Mo skule og Uni Micro.

Barnehagen er i stadig aktivitet og utvikling. Me legg stor vekt på å følgje borna sine interesser og slik sørge for at barna sin medverknad vert følgt opp. Slik vil me ha ein barnehage i kontinuerleg utvikling og endring på både vaksen- og barnenivå.

Modalen barnehage utarbeider ny årsplan kvart år. Slik vil me alltid ha nye mål og søken etter ny kunnskap. Me legg dei pedagogiske planane opp etter kva barnegruppe vi har og tek deira medråderett på alvor. Me har planar om å arbeide vidare med kompetansen vår på teorien om Mange Intelligensar i løpet av det neste barnehageåret. Dette er eit arbeid som vil ta nokre år før me kjenner oss trygge på, og nyttar automatisk i det pedagogiske arbeidet vårt. Me har kjøpt inn material til planlagt uteskur. Dette skal setjast opp i løpet av vår / sommar 2011. Me har fått Smartboardtavle som me skal lære oss å nytte i arbeidet vårt saman med barna.





## Teknisk etat

### TENESTER OG OPPGÅVER

#### Teknisk etat hjelper til med:

- Skjema og hjelp ved søknad om frådelling av tomt.
- Hjelp ved kjøp av kommunal tomt.
- Skjema og hjelp ved søknad om grave- og byggjeløyve.
- Hjelp ved søknad om tilknytning til offentlig veg, vass og kloaknett.
- Informasjon i byggetekniske spørsmål.
- Hjelp ved brann, ulukke eller vasskade

#### Teknisk etat har ansvar for:

- Drift og vedlikehald av kommunale bygg og anlegg
- Vedlikehald av kommunale vegar
- Vatn og avløp
- Planlegging, prosjektering av og bygging av nye anlegg
- Byggesak
- Kart og oppmåling

## Organisering



## Ressursar

På teknisk etat er det samla 9,5 årsverk, desse fordeler seg med 3,5 i vaktmeistertenesta, 4 innan reinhald og 2 innan administrasjonen.

## MÅL

Teknisk etat har som overordna mål å arbeida for trivsel for den enkelte innbyggjar i kommunen.

### Hovudmåla er

- Yta god service overfor publikum
- Arbeida for ei miljøvenleg utvikling ved å innarbeida miljøomsyn i etaten si verksemd.
- Arbeida for å betre kommunikasjonstilhøva
- Syta for at kommunale bygg , anlegg og eigedomar held ein god standard og at estetikk og kvalitet vert sett høgt ved nyanlegg og nybygg

Målet for budsjettåret var å gjennomføre flest mogleg av tiltaka sett i økonomiplanen og budsjett for 2010. Vi på etaten arbeider for å levere i samsvar med måla som er sett opp for etaten.

## ØKONOMI

Teknisk etat hadde i 2010 eit mindreforbruk om lag kr 400 000 i høve til budsjett for heile etaten sett under eitt.

Ansvar 3000, *Kommunalsjef tekniske tenester, plan og miljø*, hadde eit mindreforbruk på kr 674 000,-. Mindreforbruket kan i all hovudsak forklarast med at investeringar slik som rullering av arealplan vart forskyvd og at mindre småinvesteringar som fartshumpar, nytt styringssystem for vassverk og gjerde ved Mo skule ikkje gjennomført.

Ansvar 3100 avdelingsingeniør, hadde eit meirforbruk på kr 50 000,- . Meirforbruket var i all hovudsak innan løn og anna godtgjersle til brannmannskapa, noko som kan forklarast med at vi i 2010 hadde 2 brannar i Modalen..

Ansvar 3200 reinhald hadde eit meirforbruk på kr 226 000,- Meirforbruket skuldast i hovudsak meir vikarbruk grunna auka reinhaldsareal på Mo skule.

## AKTIVITETAR

### Byggeprosjekt og prosjekteringsarbeid

#### Ombygging Mo skule



Etter ein lengre plan – og prosjekteringsfase starta ombyggingsarbeida på Mo skule i byrjinga av november 2009. Det meste av arbeidet vart avslutta innan skulestart hausten 2010. Ombyggingsarbeida har vorte utført medan skulen har vore i full drift. Samarbeidet mellom prosjekterande, utførande og brukarane av skulen har vore godt.

Budsjettert kostnad	kr 16 800 000,-
<u>Kostnad ved prosjektet</u>	<u>kr 17 458 000,-</u>
Meirforbruk	kr 658 000,-



### Høgdebasseng



I fleire år har vi hatt problem med å levera nok vatn til forbrukarane på Kleivane og i Mo- Otterstad-området. Spesielt i periodar med varmt vær og mykje hagevatning. For å få ei varig løysing på problemet er det no bygd eit høgdebasseng på Kleivane. Arbeidet med høgdebassenget vart avslutta som planlagt i juni 2010. Bassenget fungerer godt og leverer nok vatn til alle føremål.

Til prosjektet vart det løyvt	kr	3 235 000,-
<u>Kostnad ved prosjektet</u>	kr	<u>3 456 000,-</u>
Meirforbruk	kr	221 000, -

### Tomannsbustad



Tomannsbustadane vart ferdigstilt våren 2010. Begge bustadane er tekne i bruk.

Budsjettert kostnad	kr	4 800 000,-
<u>Kostnad</u>	kr	<u>4 762 000,-</u>
Mindreforbruk	kr	38 000,-

### Tømmestasjon

I Hagastykket på Mo sida av industribygget vart det i 2010 bygd tømmestasjon for bubilar. Tømmestasjonen sto ferdig til bruk i juni 2010. Tømmestasjonen vart straks teken i bruk og ser ut til å fungere som tenkt.

### Mindre investeringsprosjekt

Branngarasjen på Øvre Helland har fått ny kledning og eit lite tilbygg. Tilbygget fungerer i dag som vinterlagringsplass for utemøblar.

- Oppgradering av toalett i samfunnshuset på Mo.
- Grunna lekkasjar i sløyser vart gjort ei større vøla av taket på Modalstunet
- Rekkverket på hemsan i Bryggjeslottet vart påbygt.
- Det vart lagd ny tilkomst til styrkerommet i Bryggjeslottet.

**Saltlager**

Tidlegare vart vegsaltet lagra utandørs. Dette resulterte i mykje svinn grunna vekslande regn og frost. Det er no bygd tak over salt og gruslageret. Dette lettar arbeidet for dei som arbeider med vintervedlikehald. Saltlageret er plassert ved industribygget.

**Sommarjobb**

I 2010 var det 21 søknader til sommarjobb. Av desse fekk 10 tilbod om jobb på teknisk etat uteseksjonen, 4 i barnehagen, 3 ved Modalstunet og 4 ved Bryggjeslottet.

Godt om arbeid rundt omkring gjorde at mange av dei eldre skuleelevane søkte arbeid andre stader. Dette førte til at uteseksjonen måtte sysselsette mange av dei yngste skuleelevane, og det var til tider utfordrande å finna høveleg arbeid til desse.

**Planarbeid**

I 2010 vart det arbeidd med Klima og energiplan for Modalen kommune. Denne vart vedteken i kommunestyret i februar 2011.

I samband med rulleringa av kommuneplanen vart det utarbeid planprogram. Dette vart lagt fram for Planforum i fylket, der attendemeldingane var gode. Grunna manglande ressursar har arbeidet med kommuneplanen ikkje hatt ei tilfredstillande framdrift.

Detaljreguleringsplan for hyttefelt i Kvanndalen vart lagt ut til høyring i desember 2010, planen vil venteleg bli vedteken i 2011.

**Kart og oppmåling**

I 2010 vart det lagt ned eit stort arbeid med feilretting i kartdatabasen, arbeidet pågår framleis og kommunen må vera budd på å setja inn ekstra ressursar i dette arbeidet også i 2011.

Etter at flyfoto i samband med nykartlegging av Modalen vart utført i 2009 vart karta ferdig og teke i bruk 2010.

Det har vore arbeidd med registrering i matrikkelsystemet, adressetildeling for bustadhus, hytter og viktige bygg. Arbeidet vil vera slutført i 2011.

Det vart halde seks kart- og delingsforretningar.

**Byggesaker**

I 2010 var det 3 søknader om enkle tiltak, 2 eitt-trinns søknader, 2 søknader om rammeløyve og 2 meldingar om tiltak.

**Vatn**

Grunna lange frostperiodar, hadde vi fleire brot på leidningsnettlet grunna frostsprenging. Lekkasjane var vanskelege å finna og dei var kostbare å utbetra.

**Avløp**

Avløpsnettlet på Øvre Helland vart i 2010 kartlagt, og vil bli lagt inn i kartdatabasen.

Ved fleire høve gjekk avløpsnettlet på Øvre Helland tett, for å opne opp måtte vi nytta spesialfirma frå Bergen. I ettertid viste det seg at det var kattesand som var årsak til problema.

**Vegar**

Grunna streng vinter vart det brukt meir pengar på vintervedlikehaldet enn det som var budsjettert.

**Brann**

Det var 3 utrykkingar til brann i Modalen og ei utrykking til brann på Høvik i Vaksdal kommune. I Modalen var det ein bustadbrann, eitt tilløp til skogbrann og ein storbrann i ei industriverksemd. Modalen brannvesen rykka ut til brann i nytt fjøs på Høvik. I høve til tidlegare år er dette mange utrykkingar. Erfaringane syner at innkjøp av den nye store tankbilen var svært nyttig. Ved brannen på Øvre Helland var det lite vatn i brannhydrant grunna vasslekkasje. Utan den nye tankbilen kunne brannen lett ha spreidd seg. Ved tilløp til skogbrann fekk ein tidleg melding og dermed raskt sløkt. Ved brannen på industriverksemda hadde vi for lite ressursar og måtte få forsterkning frå Lindås brannvern. Samarbeidet med Lindås brannvern fungerte svært bra. Det vart føreteke 6 brannsyn i §13-bygg.

**Opplæring brann**

Brannmannskapa har hatt øving innan utlegging av slangar og bruk av pumper, skumlegging skumlegging ved bilbrann og på klipping og redning i samband med bilulukke. Ein person har teke sertifikat for køyring av utrykkings køyretøy, 5 personar har teke nettbasert brannopplæring, 2 personar har fått plass på grunnutdanning brannmannskap

**Framtid**

Året som kjem vil vi ha fokus på utarbeiding av overordna ROS- analyse og rullering av kommuneplanen. Fortsette opprettingsarbeid på den eksisterande kartdatabasen og retting av landbrukskart. Innsparingar i budsjettet for 2011 gjer at vi må ha auka fokus på den generelle drifta.